



Alver kommune v/ Samferdsel, vei, vatn og avløp  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 9cfff551-3abb-4576-9288-8f61823d2a50

Vår: 21/9173 - 21/75824

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

12.11.2021

## Uttale på søknad parkeringsplass friluftsområde - gbnr 323/204 Frekhaug

**Tiltak:** Parkeringsplass knytt til friområde  
**Byggestad:** Gbnr 323/204  
**Tiltakshavar:** Bergen og Omland Friluftråd Kommunalt Oppgavefelleskap  
**Ansvarleg søkar:** Bergen og Omland Friluftråd Kommunalt Oppgavefelleskap

Saka gjeld søknad om om byggetillating for å oppgrusa eit areal til parkeringsplass på statleg friområde. Arealet ligg i Galtneset friluftsområde på Frekhaug, og er meint å være til ålmenta sitt bruk. Storleiken på parkeringsarealet er målt til å være 377m<sup>2</sup>, inkl nokre HC plassar som skal være inne på arealet. BOF drifter og forvaltnar fritluftsområde i samarbeid med kommunen og Frekhaugmarka Vel.

### Planstatus

Eigedomen er omfatta av KP Meland og Planføresegnene i Reguleringsplanen for industriområde Mjåtveit/Frekhaug, plan ID nr. 1256 19780310. Tiltaket skal plasserast i området avsatt til friområde. Reguleringsføresegner for Friområde og Friluftsområde § 30 og § 31, vil ved vurdering av saka leggest til grunn for vidare handsaming av søknad.

### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål og for bygging i strandsona. I plankartet er det regulert inn byggegrense mot veg, og det søkjast difor også om dispensasjon frå avstandskravet mot kommunal veg.

### Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er positiv til at det vert gitt dispensasjon frå arealformål og for bygging i strandsona. Friluftsområdet er eit populert område og det er mange tilreisande som nyttar dette. Kommunal veg er, som nemnt i søknad, open for allmenn ferdsel. Tilrettelegging av parkeringsareal for friluftsområdet, vil minske talet på kjøretøy som vert parkert i kommunevegen. Ei parkeringsplass i området vil føre til at utrykkingskjøretøy møter færre hindringar i veggen.

### Dispensasjon frå byggegrense mot veg/avkjørsle:

Det er, i oversendt dokumentasjon, nemnt at det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Slik søknad er ikkje lagt ved oversendelsesbrev.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Slik søknad ligg føre har Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning for lite dokumentasjon til å gje ei uttale på dispensasjon frå byggegrense mot veg. Vi reknar difor med at dette kjem som uttalesak i byggesaka.

Det er opplyst om at det skal søkast om løyve til etablering av avkjørsle.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/ Samferdsel, vei, Postboks 4  
vatn og avløp

5906

FREKHAUG